

Bergen 14. september 2026

Høyringsuttale til Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Næringsalliansen Vestland takkar for høvet til å gje innspel til Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Me støttar hovudretninga i planen. Vestland har sterke eksportnæringar, store naturressursar og solide kunnskaps- og kompetansemiljø. Samstundes blir regionen utfordra av knappheit på kraft og nett, mangel på kompetanse, demografiske endringar og sterkare internasjonal konkurranse.

Vår hovudinnvending er at planen må vere langt meir tydeleg på korleis prosessar skal gjennomførast, kven som har ansvaret, når resultata skal komme og korleis dei skal målast.

Planen inneheld seks mål og 20 strategiar. Mange av formuleringane handlar om å «styrkje», «stimulere», «bidra til» og «leggje til rette for». Utan tydelege prioriteringar og mekanismar for gjennomføring er det ein risiko for at planen blir meir ambisjon enn handling. Me vil difor peike på følgjande forslag til korleis måla i planen kan styrkjast og tydeleggjerast:

1. Gjer handlingsprogrammet forpliktande

Handlingsprogrammet bør knyte kvar prioritering til konkrete tiltak og ansvarlege aktørar. Tiltaka bør også ha eit forventa resultat, med årleg statusoppdatering og høve til nødvendige justeringar. Den gjeldande «Årsplan for berekraftig verdiskaping for 2026» har allereie ein meir operativ struktur med tiltak, ansvar, oppstart, varigheit og status. Den nye planen bør byggje vidare på dette.

Det bør også prioriterast tydelegare mellom dei mange måla og strategiane i planen. Når alt er like viktig, aukar risikoen for spreidd innsats og svak effekt. Me tilrår at nokre få hovudsatsingar får særskilt prioritet dei neste fire åra.

2. Styrk den internasjonale konkurransekrafta til Vestland

Vestland er ein av dei viktigaste eksportregionane i Noreg. Likevel blir eksport i stor grad behandla som eit spørsmål om kva me produserer og korleis produksjonen skal omstillast, og i mindre grad om vilkåra for å lukkast internasjonalt.

Strategi 3.2 slår fast at «systemet for eksport og internasjonalisering skal bli styrka», utan å konkretisere kva dette inneber.

For eksportbedriftene handlar konkurransekraft mellom anna om marknadstilgang og EØS- og EU-regelverk. I tillegg er det avgjerande å sikre tilgang til globale verdikjeder. Handelshinder, internasjonale standardar, eksportfinansiering og garantiordningar bør difor få ein tydelegare plass.

Handlingsprogrammet bør spesifisere konkrete tiltak for eksport og internasjonalisering, med ansvar og tidsplan.

Vestland fylkeskommune bør også tydeleggjere korleis fylkeskommunen vil bruke påverknadskrafta si overfor nasjonale styresmakter og gjennom europeiske nettverk når rammevilkår trugar konkurransekrafta til eksportnæringane.

Små og mellomstore bedrifter som ønskjer å gå inn i nye marknader, bør få ein tydelegare plass i planen og ei betre kopling til kompetanse, nettverk og verkemiddelapparat.

Konkurransekraft må målast.

Mål 1 har som ambisjon eit «lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft». I strategiane får utsleppsreduksjon og omstilling konkret innhald, medan konkurransekrafta i mindre grad får det. Det bør difor utviklast indikatorar for mellom anna verdiskaping og produktivitet, eksportutvikling, investeringar og talet på bedrifter som skalerer internasjonalt.

Klima- og omstillingspolitikken må sjåast i samanheng med evna til å behalde produksjon, arbeidsplassar, hovudkontor, kompetansemiljø og eksportverksemdar i Vestland.

3. Kraft og nett: Næringslivet treng kapasitet og føreseielege rammer

Planen peikar på kraft og nett som sentrale rammevilkår. Det er positivt. Utfordringa er at oppfølginga blir for lite konkret. Planen omtalar mellom anna vidareutvikling av kraftnettet og eit mogeleg regionalt kraftforum. Det primære behovet til bedriftene er likevel ikkje fleire arenaer for diskusjon. Næringslivet treng kapasitet og føreseielege rammer.

Vestland bør arbeide for betre overføringskapasitet og færre flaskehalsar, også fordi det over tid kan redusere prisskilnader og gi meir like konkurransevilkår i fylket.

Nettkapasitet og energikostnader er avgjerande for investeringsavgjerder.

Handlingsprogrammet bør difor innehalde konkrete mål, tidsfristar og ansvar knytte til utvikling av kraft og nett. Der fylkeskommunen ikkje sjølv har mynde, må planen skildre korleis behova i Vestland skal fremjast overfor nasjonale styresmakter og andre relevante aktørar.

4. Kompetansebehova i arbeidslivet må få konsekvensar for dimensjoneringa

Planen legg stor vekt på å kartleggje kompetansebehova i arbeidslivet. Dette støttar Næringsalliansen Vestland. Men å kartleggje behov er ikkje det samme som å dimensjonere etter dei. Det er heller ikkje tilstrekkeleg å skildre eit kompetansetilbod som arbeidslivsrelevant dersom arbeidslivet sjølv ikkje har ei tydeleg rolle i utviklinga av tilbodet. Det er eit paradoks at mål 4 legg vekt på eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova i arbeidslivet, samstundes som bedrifter, næringsaktørar og næringsorganisasjonar ikkje kjem tydeleg fram som sentrale aktørar i dette arbeidet. Dersom utdannings- og kompetansetilbodet skal svare på reelle behov, må dei som etterspør, tilset og nyttar kompetansen, ha ei definert rolle både i å identifisere kompetansebehova i dag og framover, og i å skildre kva fagområde og kvalifikasjonar det er mangel på. Det private næringslivet bør medverke til prioritering og dimensjonering av både utdanningstilbod og relevante etter- og vidareutdanningstilbod.

Strategi 4.2 legg opp til å bruke data, statistikk og forskning for å avdekkje ubalanse mellom tilbod og etterspurnad. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag, men må supplerast med systematisk dialog med verksemdene som faktisk skal rekruttere kompetansen.



Det avgjerande er kva som skjer når ubalansen er dokumentert. Det bør difor etablerast ein årleg dimensjoneringsprosess som koplar dokumenterte og forventa behov i arbeidslivet langt tettare til utdanningskapasitet og avgjerder om studieplassar, klassar, linjer og læreplassar enn det som er tilfelle i dag.

Mål 1 peikar mellom anna ut energi, marine næringar, prosessindustri og maritim transport som prioriterte verdikjeder. Desse prioriteringane må koplast tydeleg til kompetansetiltaka i mål 4 og 5.

Det bør kvart år dokumenterast om utdanningstilbodet faktisk samsvarer med kompetansebehovet i dei prioriterte næringane. Dimensjoneringa bør i større grad enn i dag skilje mellom akutte behov i eit perspektiv på 0–2 år, strukturelle behov i eit perspektiv på 3–5 år og meir strategiske behov for kompetansebygging over ein langt lengre periode.

Det tek tid å utvikle fagmiljø, lærekrefter og forskingsbaserte utdanningar.

Utdanningssystemet kan difor ikkje berre reagere på dagens konjunkturar.

Planen bør også identifisere fagområde med dokumentert under- eller overkapasitet, slik at prioriteringane blir konkrete.

Dimensjonering av høgare utdanning blir i stor grad avgjort nasjonalt. Gode regionale analysar har liten verdi dersom dei ikkje påverkar avgjerdene om studieplassar.

Planen bør difor skildre korleis Vestland skal påverke nasjonale styresmakter når dokumenterte regionale behov tilseier auka eller endra utdanningskapasitet.

5. Utdanningsløp og fullføring må utviklast saman med arbeidslivet

I mål 5 får bedriftene ei tydelegare rolle, mellom anna gjennom læreplassar, praksis og andre tiltak som skal medverke til at fleire fullfører utdannelsløpet og får ein god overgang til arbeidslivet. Det er positivt. Samstundes må det vere samanheng mellom den rolla næringslivet får i mål 5 og medverknaden i mål 4.

Det er lite realistisk å forvente at bedriftene skal ta eit større ansvar for gjennomføring av utdannelsløp dersom dei ikkje samstundes har hatt eit reelt høve til å påverke kva utdanningar som blir tilbydde, korleis dei blir dimensjonerte og kva kompetanse dei skal gje. Medverknaden frå bedriftene bør difor ikkje først starte når eleven eller studenten treng læreplass eller praksisplass. Arbeidslivet må involverast gjennom heile kompetansekjeda: frå behovskartlegging og dimensjonering til utdanning, praksis og læreplass, fullføring og vidare overgang til arbeid.

Slik kan verksemdene både medverke til at utdanningane blir relevante og ta eit større medansvar for at elevar og studentar fullfører og finn sin plass i arbeidslivet.

Handlingsprogrammet bør difor setje konkrete mål for mellom anna læreplasskapasitet i prioriterte næringar, praksisplassar, traineeordningar og kombinasjonar av arbeid og utdanning.

Læreplassar og praksisarenaer må inngå i den samla dimensjoneringa av kompetansekapasiteten i regionen, ikkje berre omtalast som samarbeidsaktivitetar.

6. Etter- og vidareutdanning må tilpassast eit arbeidsliv i endring

Rask teknologisk omstilling gjer at framtidige kompetansebehov ikkje kan løysast gjennom nye studentar åleine. Etter- og vidareutdanning må difor vere ein integrert del av kompetansesystemet.



Det bør leggjast større vekt på korte og modulbaserte utdanningar, tilbod som kan kombinerast med arbeid, og mikroemne som kan byggjast saman til større kvalifikasjonar. Systemet må også kunne utvikle nye tilbod raskt når nye behov oppstår. Fleksibilitet må ikkje bli synonymt med digitalisering. Digitale og hybride tilbod bør brukast der dei aukar kvalitet, tilgjenge eller kapasitet – ikkje fordi dei er billegare.

7. Vestland må utvikle, tiltrekkje og behalde kompetanse

Planen legg stor vekt på utdanning, inkludering og betre bruk av den arbeidskrafta me har i dag. Det er viktig, men ikkje tilstrekkeleg. Med demografiske utfordringar og mangel på arbeidskraft kan ikkje Vestland utdanne og inkludere seg ut av heile problemet. Å tiltrekkje talent og kompetanse bør vere eit regionalt utviklingsmål.

Både Næringsalliansen Vestland og Bergen Næringsråd peika på dette i høyringsinnspelet til «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033». Me opplever ikkje at dette er tilstrekkeleg teke omsyn til i handlingsprogrammet.

Det bør arbeidast systematisk med å få studentar til å bli verande etter avslutta utdanning, aktivt tiltrekkje nasjonal og internasjonal spisskompetanse og gjere det enklare for internasjonale arbeidstakarar og familieane deira å etablere seg i Vestland.

Attraktivitet er også kompetansepolitikk. Ein relevant indikator er kor stor del av kandidatane som arbeider i Vestland eitt, tre og fem år etter fullført utdanning.

Evna til å tiltrekkje og halde på kompetanse blir ikkje berre avgjort av utdanning og arbeidsplassar. Bustad, kollektivtransport, studentmiljø, barnehagar, jobbtilbod for ein partner, kulturtilbod og storleiken på arbeidsmarknaden påverkar kvar folk veljer å bu og arbeide.

Sjølv om fleire av desse områda blir handterte i andre regionale planar, må samanhengen synleggjerast. Attraktive bu-, studie- og arbeidsmarknadsregionar bør vere eit tydeleg koplingspunkt mellom planane. Kompetansepolitikk handlar ikkje berre om kor mange me utdannar, men om kvar kompetansen faktisk endar opp.


8. Mål frå start – og følg resultata over tid

Planen legg opp til at indikatorane skal vidareutviklast over tid. Næringsalliansen Vestland meiner dei sentrale indikatorane bør vere på plass tidleg, slik at både utgangspunktet og utviklinga kan målast. Dette gjeld særleg dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet, men også overgang til arbeidslivet og kor stor del av kandidatane som blir verande i Vestland. Utan tydelege indikatorar blir det vanskeleg å vite om tiltaka verkar og å justere kursen undervegs.

Oppsummering

Næringsalliansen Vestland meiner planen peikar i rett retning, men at han treng sterkare gjennomføringskraft. Me vil særleg trekkje fram fem grep:

1. **Gjer handlingsprogrammet målbart og forpliktande:** Tiltaka må ha ansvar, tidsfristar, ressursbehov og målbare resultat.
2. **Gjer internasjonal konkurransekraft og eksport til ei tydeleg strategisk prioritering:** Marknadstilgang og konkurransedyktige rammevilkår er avgjerande for eksportnæringane i Vestland.



3. **Gjer det å tiltrekkje og halde på kompetanse til eit strategisk mål:** Vestland må ikkje berre utdanne kompetanse, men sørgje for at han blir verande og blir supplert utanfrå.
4. **Gje arbeidslivet ei tydeleg rolle i kartlegging, dimensjonering og gjennomføring av utdanningstilboda:** Dokumenterte behov må få konsekvensar for studieplassar, linjer og læreplassar. Bedriftene og organisasjonane deira må involverast både når behova blir definerte og når utdanningsløpa skal gjennomførast.
5. **Sjå kraft, nett, areal, kapital og kompetanse i samanheng:** Dette er rammevilkår som er gjensidig avhengige av kvarandre, og avgjerande for investeringar og verdiskaping.

Vestland har store fortrinn. Skal me klare å utnytte dei, treng regionen ein plan som ikkje berre peikar ut retninga, men som prioriterer, gjennomfører og måler resultata.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.

